

Soknerådet i Fjell, Bjørgvin.

Uttale i samband med nye reglar ved val i Dnk.

Uttalen frå Soknerådet vert samanfatta i følgjande 5 punkt:

1. Samanfall av val i kyrkje og stat/kommune (§9)..

Med tilvising til at ein er bunden til Stortingets føresetnad om tett samanheng mellom politiske og kyrkjelege val, meiner ein seg bunden av det. Soknerådet (SR) i Fjell vil likevel påpeika at dette er ei særslig uheldig blanding, jf. tidl. biskop Finn Wagle om dette etter sist val (Verdidebatt.no 14.09.2015), og endå viktigare: Ei samrøystes tilråding i Stålsett-utvalet om at det ikkje er greitt med ei slik samanblanding. Om nokre år er ikkje kyrkja lenger bunden av Stortinget. SR i Fjell gjer elles Finn Wagles ord til sine: *Kirkevalgets sted må reflektere at dette er et kirkelig valg, basert på at det er dåpen som gir medlemskap og dermed stemmerett i Den norske kirke.* Både tid og stad for kyrkjevalet bør vera uavhengig av offentlege val.

Til framleggelsen elles på dette punktet: SR i Fjell meiner det ikkje er greitt når kyrkjelydar vert pålagde å ha val også om søndagen, dersom det er politiske val denne dagen.

2. Direkte/indirekte val.

Fordi SR i Fjell meiner prinsipielt at alle val til Bispedømeråd/KM bør vera indirekte (som elles i heile den verdsvide kyrkja), bør vi gå for den ordninga som ligg tettast opp til dette prinsippet: Ei blanding av dir./ind. val i alle bispedøme, subsidiært at dei som har det i dag, kan halda fram med det. Argumentet om at det går for lang tid før valresultatet er klart (for det indirekte valet) har ikkje stor tyngd. (alt. 1 til § 5.3), slik SR i Fjell ser det.

3. Lister/nominasjonskomité.

SR i Fjell meiner dette ei vanskeleg sak. SR meiner primært at det alltid skal vera ei nominasjonsliste (alt. 3 til § 5.2 går ikkje så langt), men sekundært går SR for det mest radikale: At der det berre er ei liste, får ein nøya seg med det.

4. Stemmesetlar, § 6-5/stemmetillegg (høyringsnotatet 2.4.3)

SR i Fjell meiner at det bør vera råd å stryka namn på ei liste. Då vil kumulering av inntil 3 namn vera greitt.

5. Framgangsmåte ved stemmegiving. § 8-4

SR i Fjell meiner det som notatet omtalar i samband med § 8-4, er svært viktig med bakgrunn i at det skjedde mange kritikkverdige ting ved sist val. Krav til dokumentasjon og sjekking av dette er viktig.

Vedteke i soknerådsmøtet 08.06.2017